

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| 232 | Pål Grev | 12.02.20 | 3/20 |

SØKNAD OM BETALING FOR IKKJE AVSPASERT ARBEIDSTID I 2019 – KNUT ØYJORDET OG ERIK MYRUM

Saksdokument:

Brev frå Knut Øyjordet og Erik Myrum av 31.01.20.

Saksutgreiing og vurdering:

Timelistene for 2019 viser at Knut Øyjordet og Erik Myrum har ein del arbeidstid som det av ulike årsaker har vore vanskeleg og fått avspasert. Dei søker difor om å få etterbetalt meirarbeidstimane. Søknaden med vedlegg er kopiert opp og lagt ved saka. Vedlegget viser ei oversikt over ikkje avspasert arbeidstid gjennom året, fråvær og omfang av helg-/heilagdagsarbeid og nødvendig kveldsarbeid.

I tariffavtala mellom tilsette i fjellstyra organisert i Naturviterne og Norges Fjellstyresamband står det at partane er einige om at utbetaling av plusstid i utgangspunktet skal bli unngått, men at der arbeidssituasjonen gjer avspasering umogleg, blir overtid utbetalt.

Ein tek til etterretning at det ikkje har vore praktisk mogleg for våre tilsette og fått avspasert meirtida i 2019, og at etterbetaling blir løysinga. For båe har talet på meirtimar vorte redusert mykje sidan 2013, men i 2019 vart det ein vesentleg auke att fordi det vart utført eit par ekstra tenestesals-prosjekt. Når vi veit at fjellstyret sel ein del tenester til andre, at dette utgjør så mykje som ca. 36 % av det totale arbeidet for fjelloppsynet, er det naturleg at dei tilsette får etterbetalt for ikkje avspasert meirtid slik det har vore praktisert ein god del år.

Innstilling til vedtak:

Knut Øyjordet får etterbetalt for 212 timar og Erik Myrum for 140,5 timar ikkje avspasert arbeidstid i 2019 etter ordinær timesats.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Knut Øyjordet og Erik Myrum

Kopi til:

Revisjonen

Vågåmo, 13.02.20

Knut Øyjordet (e.f)